



Engelsk, fordjupingsstudium



Fordjupingsstudiet gir høve til konsentrasjon om eitt eller få avgrensa område innanfor engelskfaget. Det blir tilbode undervising innanfor eit utval språklege og litterære emne.

Studieinnhald

Studentane skal opparbeide kompetanse i: eitt eller to utvalde fagfelt innanfor engelsk språk og/eller litteratur viktige teoriar og problemstillingar innanfor fagfeltet kritisk tolking og drøfting av språklege/litterære uttrykk kritisk tolking og drøfting av teoretiske tilnærmingar til språk og/eller litteratur akademisk, munnleg presentasjon av fagstoff på engelsk skrivning av sjølvstendige, faglege tekstar på engelsk

Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

Undervisninga er organisert ulikt i dei emna som inngår i studiet: sjå emneplanar. Det blir undervist i eitt emne på 15 studiepoeng kvart semester, språklege emne om hausten og litterære om våren. Oppgavemnet bygger på eit undervist emne. Studentar kan ta begge same semester, eller dei kan ta oppgavemnet etter det underviste emnet. Studentane kan ta studiet på heiltid eller deltid. Les om vurderingsordningar og eksamen i studie- og emneplanane.

Aktuelle yrke og vidare studium

Både i privat og offentleg sektor er det etterspurnad etter arbeidstakarar med gode språkkunnskapar, evne til kritisk tenking og til å konstruere og tolke avanserte tekstar. Studiet kan inngå i Bachelor i språk og litteratur ved Høgskulen i Volda.

Studiepoeng / lengd: 30 / 2 semester
(1 år)

Opptakskrav: 60 stp engelsk, årsstudium eller tilsvarande

Søknadsfrist: i

Lokalt opptak

Studiestart: Haust Vår

Kontaktperson: For spørsmål om opptak Studentsørvis 70 07 50 18
studentsorvis@hivolda.no